

TINGVOLL GJENNOM TIDENE

Av Helge Husby



Først på 1990-talet var eg oppteken og fascinert av emigrasjonshistoria vår, spesielt utvandringa til USA. Eg la ut utvandringsoversikt frå Tingvoll til Nord-Amerika på nettsidene mine. Da fekk eg epost frå ei som skreiv seg Rosemary Naastad frå nord Minnesota. Ho fortalte at bestefar til mannen hennar var frå Tingvoll. Eg visste at garden Nåstad låg inne i Batnfjorden, men tenkte ikkje over at dette var Tingvoll. Men fram til 1893 låg heile Øre og Batnfjorden i Tingvoll prestgjeld.

I dag er det utvikla sterk patriotisme til bygdelag som for berre eit par generasjonar sia låg i eit anna prestgjeld eller kommune. Slektsband blir fort brotne, graver som blir liggjande att i det «gamle» prestgjeldet blir forsømt og etter kvart glømt av slekta.

Eg opplever alltid varm mottakelse blant vaksne folk på andre sia av fjorden frå Gyl, i Flemma. Da kjenner dei den og den, var konfirmert sammen med den og den - og nemner litt om kjærsteri med ein og annan gylingen. No er banda snart brotne.
- «Nei, na Øre-kjerkjå ha e alder funne me te rettes ti», sa ei kvinne i Flemma.

Derfor har eg laga denne artikkelen, der eg tek for meg dei *grovaste* trekkja i rettsleg, administrativ og kyrkjeleg inndeling. For det er ei langt meir komplisert historie enn den eg presenterer i denne artikkelen. Det var eit virvar av reguleringar! Karta har eg tegna etter dei byta gardane har i dag. Dei kan ha vore forandra, spesielt i fjellet.

FRÅ DEI ELDSTE TIDENE

Dei første som budde her, hadde nok svært lite til felles med bankmannen eller saksbehandlaren i kommunen. Dei hadde meir enn nok med å brødfø seg og forsvare buplassen sin, i ei hule eller under ein hammar. Så seint som mot 1900-talet var det ikkje uvanleg at tenestfolk budde i fjøs og stall her i Tingvoll.

Svært mange av dei eldste spora av forfedrane våre er funne i ytre del av kommunen. Så snart kysten var isfri for bortimot ti tusen år sia, slo dei seg ned.

Etter kvart som folk vart fleire, og jorda vart teke i bruk til dyrking av mat, vart det behov for organisering. Høvdingar og etter kvart bønder tok styringa. Dessse var underlagt ein såkalla «småkonge» som styrte over eit større område. Som følgje av rikssamlinga av Norge, som gjekk over eit par hundre år fram mot årtusenskiftet, vart det behov for fastare ramer. Vi skal først sjå på den *rettslege* og *administrative* inndelinga.

NORDMØRAFYLKE

Nordmørafylke vart namnet på området som strekte seg frå Stemna (Eide) til Osen mot Naumdølafylke. Fylket var delt i to *sysler*, der det nordlegaste var *Fosen*, og det sørlege *Edøy*, til tider kalla Nordmøre. Kongen hadde ikkje lovgjevande eller dømmende makt, men det vart oppretta *ting*, der *mennene* møttest.


Frostøping

Først på 1000-talet vart Nordmørafylket innteke i *Frostøping* (Frostating) sammen med dei mange små «trøndelagsfylka.» Naumdølafylke var ennå ikkje eit «trøndelagsfylke», men vart oppteke i Frostating sammen med Nordmørafylke. Sunnmørafylke hørte til Gulating, medan Jamtaland hadde tinget Jamtamot, og Herjedalen hadde Sveigstinget.



Seglet vart teke i bruk ca. 1280 og bruka til 1610. Originalen er i Vitenskapsmuseet i Trondheim.


NORDMØRAFYLKE FØR 1500-TALET



SKIPREIDER

Leiðangr (leidang) var ei forsvarsordning der bøndene var ansvarlege for krigsutrusta skip og ansvar for *vettar* til krigsvarsling. Hákon den gode organiserte dette i *skipreider* i kvart fylke. Bøndene i Nordmør fylke skulle ruste ut 20 tjuessars skip. Vi kjenner att stadnamn som kan ha opphavet frå den plassen eit slik skip låg til hamn, som t.d. Skipøya i Langsetvågen.

Nordmør fylket var organisert i 16 *skipreiður*, 8 i Fosen syssel og 8 i Edøy syssel. Skipreida i Edøy var: Aurar-, Holsynjar-, Surnadals-, Stangarviks-, Barknafjarðar-, Afreyjar- og Þingvalla skipreiða. Tingvoll skipreide strekte seg på sørsida av Tingvollfjorden frå Jordalsgrenda etter fjellet, over Tiltareidet via Fagerlia, sør-vest for Kvalvåg og utom Tingvollhalvøya. På nordsida av fjorden frå Havdalen, om Smisetnebbba etter høgste fjellet ut til Talgsjøen. Gardar på Vågbøen har truleg vore i Stangvik skipreide i tidleg periode. Etter Magnus Lagabøters landslov gjekk skipreidene meir over frå å vere militære til å vere rettslege og administrative.



VETTAR

Dei vettane som er nemnt i kjeldene for Tingvoll skipreide var: Rotåsvettin, Gammelvettin, Reinsfjellet og Vettafjellet.

Ein *vette*, gammelnorsk *viti*, er eit bål som var tent på ein fjelltopp for å varsle om mobilisering i ufredstider. Siste gongen desse var i bruk, var under krigen mot svenskane i 1807-08 og 1814.

Ein *varde* tyder opprinneleg den personen som vakta, *varda* elden, jfr. gammelnorsk *varða*, som betyr å *verje*, *vare*. Det var ofte laga ein steinmur som ring rundt bålet.

Denne steinen har gjennom åra vorte lagt opp og vorte til vardar som skal vise veg. Men uvitande folk i dag lagar små vardar kvar enn dei kjem, og forsøplar fjellet vårt.

LEN OG FOGDERI

Omkring år 1500 vart fylka avløyste av *len*, og for vår del vart Trondheims eller Trondheimshus len, oppretta. Nordmøre vart oppløyst som eige fylke, men både Edøy/Nordmøre og Fosen gjekk over til å bli futedømme eller fogderi under Trondheims len. Trøndelagsområda vart først med i dette lenet, Nordmøre, Fosen, Namdalen, Jamtaland og Herjedalen kom med utover 1500-talet. Romsdal fogderi høyrte til Bergenhus len, men sokna i periodar nordover. I desse periodane var Romsdal og Jamtaland egne underlen, ikkje fogderi. Danskane gav i 1645 bort Jamtaland, Herjedalen, Idre og Serna til Sverige. Jamtaland låg for det meste under biskopen i Uppsala, og var truleg aldri fullnorsk. Herjedalen låg stort sett under biskopen i Nidaros, medan Idre og Serna låg i Hamar bispedømme.

Fogderiembetet vart oppheva ved lov i 1894, men vart avvikla fram mot 1919.